

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

**30.04.2014**

Att: Siri Merethe Fagerheim

### **Svar på høringsfråsegner til konsesjonssøknad for Mundalselvi kraftverk**

Sognekraft AS har no gått gjennom alle høringsfråsegnene som kom inn i samband med høringsrunden for konsesjonssøknaden til Mundalselvi kraftverk. Vi har kommentert dei høringsfråsegnene / innspela som vi har vurdert som mest relevante i forhold til dette prosjektet.

Ta gjerne kontakt med underteikna dersom noko er uklart eller de treng fleire opplysningar for å fatte eit vedtak i saka.

Helsing  
Sognekraft AS



Kåre Fosse

# Kommentarar til høyringsfråsegnene til konsesjonssøknad for Mundalselvi kraftverk

I dette dokumentet har vi under kvart tema lista opp kommentarar/moment som vi ser på som relevante, og gjeve til kjenne vårt syn på saka.

Mundalselvi kraftverk vert handsama som ein del av Sogndalspakken, der det inngår seks andre søknader for småkraftverk i Sogndal kommune. Det har komme inn ti høyringsfråsegner i alt.

## Generelt om søknaden

---

**Sogndal kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune (SFF):** Sogndal kommunestyre er i sitt vedtak positiv til ei utbygging av Mundalselvi og konkluderer med at samfunnsnyttan er større enn ulempene ved ei utbygging. SFF har eit nesten likelydande vedtak.

## Hydrologi og minstevassføring

---

- 1) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:** Fylkesmannen opnar for ei viss kraftutnytting i Mundalselvi. Fylkesmannen meiner at anadrom strekning går heilt opp til kote 170 og vil at kraftstasjonen vert flytta opp til denne kotehøgda. Vidare meiner Fylkesmannen at Botnagrovi må takast ut av planane og at minstevassføringa må setjast lik 5-persentilen både sommar og vinter.

### Sognekraft AS sin kommentar:

- 1)** 5-persentilen vinter/sommar er berekna til høvesvis 50/460 l/s, medan foreslått minstevassføring er 63 l/s vinter og 126 l/s sommar.

Søkjær held fast på at Botnagrovi bør inkludrast i prosjektet sidan dette bidraget har ein relativt låg utbyggingspris pr. kWh.

Sommarvassføringa er dominert av bresmelting. 5-persentil sommarvassføring er difor svært høg, 460 l/s, og det er difor søkt om å sleppe ca 1/3 av dette. I tillegg vert restfeltet relativt stort med ei vassføring på 510 l/s målt like oppstraums kraftverket. Minstevassføringa er også foreslått av omsyn til økonomien i prosjektet. Den samfunnsmessige nytten av auka produksjon av fornybar og rein kraft blir her vurdert å vege opp for ulempene ved utbygginga.

## Landskap

---

- 1) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:** Fylkesmannen skriv at det er store landskaps- og friluftinteresser knytt til Mundalsdalen. Fjellområdet inst i dalen inngår i Jostedalbreen nasjonalpark. Fylkesmannen meiner at det er eit stort tap av inngrepsfrie naturområde, spesielt sidan tapet skjer i ein nasjonalpark. Fylkesmannen meiner difor at konsekvensane av

tap av INON bør vurderast som svært store, ikkje middels store. Vidare meiner Fylkesmannen at utnytting av Botnagrovi vil vera eit skjemmande inngrep som gjev lite kraft.

- 2) Sogn og Fjordane Turlag (SFT):** SFT er imot utbygging i Mundalselvi. Dei listar likevel opp tiltak som kan «reduere konfliktnivået ein del». Dei føreslår å ta Botnagrovi ut av prosjektet då dei meiner dette vil vere skjemmande i den bratte, urørde fjellsida. Dei legg òg vekt på det synlege vasstrengen Botnagrovi utgjer i landskapet. Dei ynskjer at kraftlinja vert lagt i kabel og at stasjonen vert flytta til kote 115. Då kjem stasjonen litt lenger vekk frå Heimastølen.
- 3) Naturvernforbundet:** Naturvernforbundet er imot utbygging i Mundalselvi. Dei meiner Mundalsdalen har få tekniske inngrep i landskapet frå før. Kraftutbygginga vil føre til for store tekniske inngrep, men grunngjev sitt syn mest i høve til turgåing og friluftsliv.

#### **Sognekraft AS sin kommentar:**

**1, 2, og 3):** Fylkesmannen skriv at området inst i dalen inngår i Jostedalsbreen nasjonalpark, dette er ikkje heilt korrekt, nasjonalparkgrensa går på toppane rundt dalbotnen (Fjellstølsnipa – Bjørnalægskarven – Fremste Gretta, alle stader over kote 1200.) Avstanden frå inntak til nasjonalparkgrensa er stort sett ca 2km. Står ein ved inntaket er det svært lite ein ser av området i nasjonalparken.

SFT legg vekt på det synlege vasstrengen Botnagrovi utgjer i landskapet. Men berre ein liten del av den synlege vasstrengen vert utbygd.

Søkjær er samd med Fylkesmannen i at Mundalsdalen ikkje framstår som urørd sidan deler av dalen er prega av relativt store inngrep som traktorveg opp til kote 240 og store granfelt. Når det gjeld sjølve elva så er den sjølv sagt eit viktig landskapselement i dalen, men på den planlagde utbyggingsstrekninga er det mykje skog/vegetasjon som gjer elva lite synleg.

#### **Raudlisteartar og terrestrisk miljø (biologisk mangfald)**

---

- 1) Norsk ornitologisk foreining, avdeling Sogn og Fjordane (NOF):** NOF er generelt uroa over konsekvensane av talet på småkraftverk som det vert søkt om og konsekvensane av inngrepa totalt sett. NOF krev at det vert gjort grundige registreringar av fuglelivet i området til ulike tider av året, og at konsekvensane av tiltaket vert godt utgreidd.
- 2) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:** Fylkesmannen peikar på ein del funn i rapporten om biologisk mangfald utan å knyte dette til spesifikke inngrep som følgje av ei kraftutbygging. Unntaket er «verdifulle oreskog» og konflikten med denne vert unngått ved å flytte stasjonen høgare opp.
- 3) Sogndal kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune (SFF):** Sogndal kommune og SFF har nesten likelydande vedtak og meiner at anleggperioden må leggjast utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

### Sognekraft AS sin kommentar:

- 1) Når det gjeld fugl så har ikkje søkjar planar om å utføra ytterlegare undersøkingar. Registreringsarbeidet som er gjort er på nivå med det som er kravet til undersøking av biologisk mangfald.
- 2) Størstedelen av gamal/stor oreskog som er prega av elva, står i dalbotnen frå ca kote 115 og nedover dalen til dyrka mark og delvis rundt denne. Området frå kote 115 til 170 er mest prega av planta granskog og yngre oreskog på begge sider av elva. For grunneigarane verkar det urimeleg at oreskogen vert framstilt som truga. Oreskogen er meir eit problem, beite gror att og det er stadig ein kamp for å halde han vekke frå kantar rundt dyrka mark. Oreskogen er ikkje «freda» og grunneigarane kan fritt avvirke denne og eventuelt plante til med gran.
- 3) Det er ikkje påvist sensitive eller sårbare artar i influensområdet til kraftverket. Det er ikkje vanleg å ta omsyn til trivielle artar for denne type anleggsarbeid.

### Akvatisk miljø:

---

- 1) **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:** Fylkesmannen meiner at stasjonen må flyttast opp til kote 170 for å ta omsyn til anadrom fisk i vassdraget. Vidare må det monterast omlaupsventil i kraftstasjonen for å unngå rask tørrlegging av elva ved utfall i stasjonen. Fylkesmannen vil også ha eit «miljøbasert vassføringsregime» med slepp av 5-persentilen sommar og vinter.

### Sognekraft AS sin kommentar:

**1 og 2)** Rapporten om biologisk mangfald konkluderar med at over den planlagde stasjons-plasseringa er det «brukbare, om ikkje gode» gytetilhøve for anadrom fisk. Konklusjonen er altså at dei beste gytetilhøva finn vi nedstraums stasjonen, ei strekning på heile 3,3 km. Søkjar konkluderar med at dette vil ivareta omsynet til anadrom fisk og held fast på at stasjonen kan plasserast på kote 93, alternativt kote 115. Søkjar ser heller ikkje behov for å auke minstevassføringa så lenge det vil bli ei så lang anadrom strekning nedstraums stasjonen.

Søkjar vil montere omlaupsventil i kraftverket for å sikre vasstilføring nedstraums stasjonen i tilfelle med utilsikta stogg i produksjonen.

### Friluftsliv/reiseliv:

---

- 1) **Fjærland reiselivslag:** Reiselivslaget påpeikar at gamle og nye skogsveggar fører til meir turgåing og bruk av naturen, ikkje mindre. Elles meiner dei at kraftutbyggingane i Fjærland ikkje forringar opplevinga av naturen. Reiselivslaget påpeikar at reiselivsnæringa er avhengig av eit aktivt jordbruk for å oppretthalde kulturlandskapet og sikre busetjing. Inntekter frå kraftutbygging vil sikre dette.

- 2) **Bygdeutvalet i Fjærland:** Bygdeutvalet sluttar seg i hovudsak til argumentasjonen til reiselivslaget.
- 3) **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:** Fylkesmannen påpeikar at tiltaksstrekninga ligg i eit regionalt viktig friluftsområde, ved inngangen til Jostedalsbreen nasjonalpark. Fylkesmannen tilrår å flytte stasjonen lenger opp, ta Botnagrovi ut av prosjektet og sleppe meir minstevassføring.
- 4) **Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (NSF):** NSF meiner at utbygginga vil føra til for store inngrep i eit område som er mykje nytta til friluftsliv både av turistar og fastbuande.
- 5) **Sogn og Fjordane Turlag (SFT):** SFT påpeikar at Mundalsdalen er brukt som utgangspunkt for lengre turar av tilreisande. I tillegg vert området opp til Fjellstølen mykje brukt til friluftsliv. Tiltak som kan «reduere konfliktnivået» er fjerning av inntaket i Botnagrovi, kabling av kraftlinja, flytting av kraftstasjonen til kote 115 og vurdere plasseringa av inntaket.

#### Sognekraft AS sin kommentar:

**1 og 2)** Søkjar sluttar seg til synspunkta til Fjærland reiselivslag og Bygdeutvalet. På vegne av grunneigarane vil søkjar påpeike at inntekter frå kraftverket vil vere eit godt bidrag til å oppretthalde jordbruket og pleiinga av kulturlandskapet i Mundalsdalen. Fordelene dette gir, i tillegg til produksjon av fornybar energi, vil vere større enn ulempene som eit småkraftverk i Mundalselvi medfører. Det er òg rett som reiselivslaget skriv, nye skogsvegar fører til meir turgåing og bruk av naturen.

**3, 4 og 5)** Søkjar er samd i at Mundalsdalen er brukt til friluftsliv og turgåing. Men at Mundalsdalen er brukt som utgangspunkt for lengre turar er feil. Grunneigarane er samd med Fylkesmannen som skriv er dalen relativt lite brukt som innfallsport til nasjonalparken. Det er svært sjeldan at grunneigarane treff folk som har kome over fjellet eller har gått lenger enn dalbotnen innanfor Fjellstølen. Fleire fjellturar i Mundalsdalen er ikkje påverka av kraftutbygginga, mellom anna tur til Holten og Heimste Gretta.

Elvestrekninga som vert utbygd er lite synleg frå turstien inn dalen. Turstien vert heller ikkje råka av utbygginga og traktorvegen over kote 240 vil gå på vestsida av dalen, turstien går på austsida. Søkjar konkluderar med at verdien som turområdet vert redusert i anleggstida, men i driftsfasen vert det omlag som før.

#### Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

---

- 1) **Mattilsynet:** Mattilsynet påpeikar at Mundal vassverk må sikrast nok vatn med god nok kvalitet både i anleggsperioden og i driftsfasen til kraftverket.

**Sognekraft AS sin kommentar:**

- 1) Mundal vassverk får vatnet frå ei stor oppkome ca. 1,5 km nedanfor den planlagde stasjonen. Oppkoma er ikkje påverka av elva. Mundalselvi som reservevasskjelde har ikkje vore brukt sidan 1999.

**Samla belastning**

---

I den grad høyringsfråsegnene kjem inn på temaet «samla belastning» har ikkje søkjar noko å tilføre utover det som står i søknaden.